




*bak  
verda, der  
månen skin*







## Poeten og trubaduren

Da eg skulle gjere eit utval av norsk diktning frå 1970 og fram til i dag, var det to ting som slo meg. For det første: Den lyrikken som blir skriven av våre samtidspoetar, har halde på ei tilknytning til norsk natur og arbeidsliv, og leitar etter poesien i det daglegdagse på ein uvanleg måte. Jamvel der forma er streng og klassisk, gir dette norsk diktning eit folkeleg preg, som gjer at denne lyrikken kan nå eit stort publikum når publikum blir merksam på han.

For det andre: Trubadurane, dei songarane som vender seg til folk på konsert og på plate, strevar etter ein litterær kvalitet som elles er ukjend innanfor vestleg populærmusikk. Hans Rotmo og Åge Aleksandersen er lyrikarar og trubadurar på ein gong. Under dei stramme linjene til Olav H. Hauge høyrrest atterklangane av ein folkeleg songtradisjon. I denne framsyninga er det vår ambisjon at dei to slags diktarar, poeten og trubaduren, skal møtast.

*Edvard Hoem*



## Det eksotiske Noreg?!?

Under arbeidet med denne kabareten har ei lang rad tankar og formuleringar vore kasta fram, drøfta, forkasta.

Sjølve utgangspunktet var klart nok: teatret ville sjå på det norske uttrykket, sjå kva norske poetar, trubadurar og musikanter har gitt oss dei siste ti-åra. Vi ønskte å sveipe over landet, sveipe over generasjonane, sveipe over viser og rock, feminisme og sentral-lyrikk. Det seier seg sjølv at oppgåva eigentleg er umogleg. Teatret kan romme mangt, men det kan ikkje romme alt heller! Kva slags kriterium skal ein leggje til grunn, kva skal ein ta med og kva – blant alle verdige bidragsytarar – skal ein leggje vekk? Vi meinte vi hadde rette mannen til å gjere eit utval og ei samanstilling midt iblant oss – Edvard Hoem. Han står sjølv midt opp i tida – og kva skal ein med ein husdiktar, om han ikkje har forhold til dikt? Husdiktaren let seg overtale – jamvel til å debutere som instruktør med dette stoffet. Egil Monn-Iversen – garva ringrev i gamet – tok på seg den musikalske tilrettelegginga, komponistar vart kontakta, nye dikt skulle få tonefølgje. Etter kvart har ei fram-syning funne si form.

Og sjølv sagt har vi ikkje fått med alt. I hovudsak er det 70-åra vi konsentrerer oss om – men ikkje berre dei. Likevel – vi er nord og sør i landet, vi er ved kysten og ved Mjøsa, vi er i industrien, langs landevegen – og midt inne i samlivsproblematikken. Den norske hausten på teatret munnar ut med denne hyllesta til det norske.

Det Norske Teatret er eit kjempande teater i Oslo-gryta. Slik har det vore frå det store slaget da nynorsk-teatret først slo seg ned i Hovudstaden, og fram til denne dag. (Jf. dagspressa – stadig nye bidrag, følg med, følg

med!) For den som lever det meste av livet innanfor den sirkelen av åser som omkransar Oslo, blir livet i bygatene **her** det sentrale, det er her alt skjer, Marienlyst er verdsens navle. Men mange av oss som bur her, er innflyttarar – slik har det alltid vore og slik er det enno i dag. Vi ber med oss eit minne om ein annan plass, eit anna språk, ein annan kvar-dag, ein annan røyndom. Mange av oss kom hit for å gå på skule eller på universitetet. Somme reiste heim etter endt utdanning, mange er blitt her – jobb, familie, det er mangt som kan binde. Somme av oss er til og med blitt glade i denne byen som skryter av det store hjartet sitt, men som likevel var kald å møte for ein skjelvande nykomling. Kvifor skulle elles innflyttar-ungdomen slå seg saman i bygdelag? Det er godt å høyre heimleg mål ikring seg, godt å tale om heimlegeting. Det er òg godt å ha ein kultur-institusjon som viser miljøet ditt, som talar språket ditt, som gir deg tru på eige verd. Mangt har endra seg til det betre i seinare år – det er lettare å kome frå bygdene inn til hovudstaden no enn for berre 20 år sidan, dialektbruk blir ikkje fullt så uglesett no som den gongen. Men framleis er det nok slik, at landet utanfor Oslo for mange er eit eksotisk og ukjent land – eit land ein kan reise til som turist om sommaren, med telt eller campingvogn, eit land der dei talar rart og uforståeleg, men der dei serverer framifrå spekeskinke og rømmegraut! Om ein ser det frå andre kanten, blir det som å snu kikkerten. Da er det langstrekte landet med sine fjordar og fjell, sine dalar og breie bygdar det naturlege og sjølv sagde, og byen mellom åsane ved Oslofjorden blir med eitt eksotisk!

Den som ønskjer djupt-pløyande litterære analysar eller sosiologiske







granskingar, vil ikkje finne det han søker i dette programmet. Mange av dei diktarane som er representerte i framsyninga, fortener – og har til dels fått! – tjukke og lærde verk om diktinga si. Vi er ikkje så pretensiøse at vi vil konkurrere med ekspertane. Men ein del enkle tankar som vi har gjort oss, vil vi gjerne dele med dykk – om vi får lov.

Tittelen til kabareten er henta frå kongediktet til Edvard Hoem – det står å lese ein annan stad i dette programmet. Det er altså dette landet på baksida av verda vi vil skildre – dette landet som vi alle er glade i, anten vi kjenner asfalten eller matjorda eller steinrøysa under føtene. Dette landet som er så romsleg og motsetningsfylt at ein revolusjonær diktar skriv hyllingsdiktet til kongen på den store dagen hans – og les det sjølv i statsmonopolet NRK. Sjølvsaft er utvalet i kveld prega av nett denne dikteren – ståstaden hans, utviklinga hans. Han har sjølv stått midt oppe i den litterære og politiske striden i det tiåret vi nett har lagt bak oss, og han er samstundes ein mann med vengespenn – både i ord og tanke. Vi vonar og trur at kabareten fortel litt om det.

Vengespennet har djupe tradisjonar i den nynorske diktinga. Dei første store diktarane som tok målet i bruk var europearar, menn med vidsyn, med interesse for og innsikt i det som rørte seg langt utanfor landegrensene. Forfattarane i dag ber dette med seg – med røtene djupt i den heimlege jorda engasjerer dei seg i fjernare himmelstrok – både politisk og litterært. Slik kan ein Olav H. Hauge i Hardanger gi norsk røyst til amerikanske lyrikarar frå ulike hundreår som Stephen Crane og Sylvia Plath, slik kan Sauda-guten Kjartan Fløgstad gi oss Pablo Neruda i norsk språkdrakt.

## Kongen i eventyrlandet

På baksida av verda, der månen skin  
og den reine naturen blenker i fjellvatna,  
der bur kongen i eventyrlandet.  
Han feirar fødselsdag midt på sommaren.  
Han har hoppa på ski og smilt ein rekord,  
slik at jamvel dei slemme gutane tar lua av  
nar han strålar forbi.

Kva er dette for ei verd?

På flaggdagen vinkar kongen og hans barnebarn.  
Hundreåret, knapt eldre enn kongen  
går mot enden, vitskremd av sine marer,  
og den revolusjonære, som skulle rive trona  
står fortenkt og grunnar på  
kor lenge biletet varer,  
kongen på balkongen.

Da han kom til makta etter far sin,  
vart vi sende heim frå skulen på Hoem.  
Eg gjekk i andre klasse og skulle lære brøk.  
Reknestykket for dei gode tidene  
gjekk ikkje opp, og såleis  
vart ikkje eg kongens mann.  
Eg tok ved den tru at kvar mann  
skulle bli konge over sitt liv.

Men sjølv ber eg historia på ryggen.  
Fjella rekk høgare mot himmelen enn eg,  
og sjølv om eg reknar alle tre i mine dikt,  
må eg leve lenge før landet er mitt.  
Eg har levd i uskulda og freden.  
Eg hadde kjæraster under bjørkene i Molde-lia,  
og veit at den som vil kunngjere republikken  
først må kunne aksle kongens motto.

I dag smiler eventyrlandet sitt smil.  
Kongen står på balkongen.  
Det er nokre knausar langs ishavet  
der graset gror grønt og stille.  
Det er nokre hamner som ønsker velkommen  
til fredeleg trafikk, nokre fjordar  
der fisken går i mørke stimar.  
Eg ser mot himmelen som er blå og ufarleg.  
Om balkongen ein dag er tom,  
og flagga blir rivne ned av framande,  
må eg sjølv bli kongsmann.  
Kvar skal eg ta vege da?

Slik gjekk det til,  
at eg klaup meg i armen og sa:  
Eventyrland.  
Eventyrland.

*Edvard Hoem*





Det Norske Teatret lever og arbeider i det same spenningsfeltet – forankra i det rotnorske, men med opne dører mot verda, med eit ønske om å gi rom til alle folk og alle former, frå det eksperimenterande avant-gardistiske til det jordnært realistiske. Men med eit ønske denne gongen om å gjere opp status for det norske, å sjå kvar vi står i vårt syttiande år.

Den nynorske diktinga har alltid vore rik. Frå første stund har det vore slik – og gjennom kveldar på Scene 2 vigde til dei store diktarane våre, har vi prøvd å minne om dette – vi har presentert Tor Jonsson, Aslaug Vaa, Arne Garborg, Aasmund Olavsson Vinje, Olav Aukrust. Fleire vil følgje. Somme av diktarnamna i kveld står i denne rike tradisjonslinja i nynorsk lyrikk – ein Tarjei Vesaas, ein Olav H. Hauge. Visesongen har òg vore

ein fin nynorsk-tradisjon – nynorsk er eit godt språk å syngje på! Hartvig Kiran har vore blant dei fremste berarane av **den** tradisjonen. Han er òg med oss i kveld.

Men utetter seksti-åra voks det fram nye røyster i nynorsk-lyrikken, ein ny generasjon erobra parnasset. Dei fekk namn etter det tidsskriftet dei alle var med og redigerte ei tid – Profil. Her sat folk frå Vestlandet og Sørlandet, Østfold og Oslo og arbeidde fram ein litteratur landet aldri hadde sett maken til – ein ny gullalder var i emning, var somme av dei samde om! I dag har dei fleste av dei reist heim – kvar einskild røyst har utvikla seg, somme helst i romanform, somme i dikt, somme i barnebøker. Men alle er dei i høg grad med og pregar biletet av den dagsaktuelle norske litteraturen. Dei har arbeidd seg



gjennom eit vidt spekter – politisk, innholdsmessig, formelt. Dei er her, fleire av dei – Tor Obrestad, Einar Økland, Paal-Helge Haugen. Midt i Profil-tida – da Det Norske Teatret starta Teatersentret Bikuben i ABC-teatret med ein norsk sesong – skreiv denne gjengen (og andre!) makabareten «Knekk» som opningsframsyning. Det er moro å ønskje dei velkomen attende på teatret dryge 15 år seinare – i ein ny og annleis kabaret.

Folkeavrøystinga om EF-medlemskap står som eit vass-skilje i norsk etterkrigspolitikk. Og kan hende i norsk visedikting og populærmusikk! Det vart skapt eit medvit om vårt eige i den debatten, som gav seg frodig uttrykk i mange retningar. På femtitallet måtte ein norsk rockesongar syngje på engelsk for å nå fram – «Rocke-Pelle» gjekk på NTH i Trondheim og freista klinge som ein amerikanar! Utetter 70-åra vart trønder-rock eit omgrep det stod glans av – og spennvidda i den trønderske populærmusikken var stor. Hans Rotmo stod midt i den politiske kampen med progressiv musikk og progressive tekstar – frå Vømmøldalen til Heimevernslaget. Men ofte med rot i gammaldansen! Åge Aleksandersen skreiv òg tekstar og melodiar sjølv – reinare rock, kan hende, i utgangspunktet. Men med stadig rikare tekstinnhald og ei spennande musikalsk utvikling.

I Trondheim fekk dei i 1974 ein orgeldebut som sette spor etter seg: Henning Sommerro var ferdig med utdanninga si. Han har vore inspirerande til stades over ei rad ulike felt – saman med «Vårsøg» har han henta fram fine tekstar frå lokalmiljøet heime på Nordmøre, han har skapt spennande scenemusikk, skrive fine viser (som han sjølv framfører med særeigen musikalitet og personlegdom), gjort film-musikk – han er eit

sprudlande oppkomme av melodiar, idéar, arrangement.


Humoristisk den eine augneblinken, med klart politisk standpunkt den neste inntar Geirr Lystrup ein sjølvsgatt plass i ei mønstring som denne. Han får følge av Edvard Hoem og fleire frå miljøet kring Nordahl Grieg-teatret i Bergen – som dessverre ikkje finst lenger: Knut Skodvin og Oddbjørn Hanto.

Nord-Noreg har utvikla sin eigen vise-tradisjon i dette tiåret – Arvid Hanssen tar sin sjølvsgatte plass der. At han kan meir enn å skrive fine visetekster, gav han endeleg prov på med romanen «Søsken på Guds jord» og filmen som følgde. På Hålogaland Teater i Tromsø – det aller første regionteatret – har songen og musikken stått sentralt heile tida, den politiske kampen og den lokale forankringa like eins. Klaus Hagerup og Sverre Kjelsberg peiker seg fram i den samanhengen.

På ein plass for seg sjølv står Kjartan Fløgstad. Skarpt politisk, språkleg leiken, han spenner frå «talking blues» til ein enkel vals. Mange komponistar er blitt tende til å gi hans ord toner med på vegen.

Austlandet har fostra fine poetar – frå Nord-Østerdalen kjem Arnljot Eggen med klar samfunnsanalyse parra med lyrisk kraft; frå Eidskog i sør kjem Hans Børli og ser heile verda frå utsiktspunktet sitt i skogbygda. På Hedemarken gir Ove Røsbak dialekten sin nytt poetisk liv som den første etter den legendariske Alf Prøysen, mens Karin Sveen rører seg like sjølvsgatt innanfor både dialekt, nynorsk og bokmål! Blant dei yngre diktarane som har fått plass i kabaretten, finst òg ein debutant av året – Arnt Birkedal – som hyllar Hans Jæger (og Bob Dylan!) på sitt Rogalandsmål. Dikta hans ber om å bli









# *bak verda, der månen skin*

## *Norske poetar og musikantar diktar om landet sitt*

Utval og samansetjing:

**Edvard Hoem**

Musikalsk tilrettelegging:

**Egil Monn-Iversen**

Regi: **Edvard Hoem**

Musikalsk leiing: **Einar Iversen**

Scenografi: **Snorre Tindberg**

Illustrasjoner ved **Arvid Pettersen**

Kostyme: **Unni Walstad**

Koreografi: **Guri Pahle Glad**

Musikalsk innstudering:

**Tor Hultin/Kari Stokke**

Assistent: **Kristin Søhoel**

Lyd: **Meny Bloch**

Maske: **Doro Walstad**

Inspisient: **Pål Pande-Rolfsen**

Rekvisitør: **Marit Fjeldstad**

Sufflør: **Sissel Lillo-Stenberg**

## 1. AKT

1. «Sommarmorgon på Jæren»  
Tor Obrestad/Henning Sommerro
2. «Ikke engang nordavinden»  
Hans Børli
3. «Nordavjinnsvalsen»  
Arvid Hanssen/Per Christian Hansen
4. «Mijnnegudstjænest»  
Arvid Hanssen/Tove Knutsen
5. «Hald på med ditt»  
Olav H. Hauge/Tove Knutsen
6. «Eg lyt finna på noko gale»  
Olav H. Hauge
7. «Den gamle korplata»  
Geirr Lystrup/Wolfe
8. «Et dikt som vart født midt i ristinga åt  
Mjøsærjen, akkurat da hu la ut ifrå  
Gjøvik med kurs mot Mengshoel»  
Ove Røsbak
9. «Mjøsa går»  
Karin Sveen/Tor Hultin
10. «Joen Stavik ringer klokka sund»  
Edvard Hoem/Tor Hultin
11. «Nykleholmen»  
Hartvig Kiran (tekst og melodi)
12. «Jul i gamle dagar»  
Ingvar Moe
13. «På storbyens kafé»  
Torstein Bugge Høverstad og  
Edvard Hoem
14. «Te Hans Jæger i himmelen»  
Arnt Birkedal/Einar Iversen
15. Haugeromansar  
«Lega», «Eg ser på ein gamal spegel»,  
«Svevn», «Hestar og luffarar», «Midt-  
vinter. Snø.», «Det er den draumen»  
Olav H. Hauge/Ragnar Søderlind
16. «Det er ikkje berre soli og Vårherre som  
ser kva som skjer»  
Olav H. Hauge
17. «Hain va sju»  
Åge Aleksandersen (tekst og melodi)
18. «No skin der sol i Polen»  
Geirr Lystrup (tekst og melodi)
19. «Visestatsministeren opplyser at  
normaliseringa vil ta tid»  
Normann Lange
20. «Vi gløymer aldri, Praha»  
Edvard Hoem/Oddbjørn Hanto og  
Knut Skodvin
21. «Det finst inga von»  
Arnlfot Eggen
22. «Ellinors vise»  
Klaus Hagerup/Sverre Kjelsberg



## 2. AKT

1. «Greensleaves i NRK»  
Tarjei Vesaas/Egil Monn-Iversen
2. «Snirkel om mannen og kvinnene»  
Einar Økland
3. «Orfeisk II»  
Arnljot Eggen/Tor Hultin
4. «hard, mjuk II»  
Eldrid Lunden
5. «Fjetra»  
Kjartan Fløgstad/Henning Sommerro
6. «Trø meg ikkje på tærne»  
Marie Takvam
7. «Den frigjorde kvinne»  
Marie Takvam
8. «Vi levde meir enn tusen år»  
Edvard Hoem/Henning Sommerro
9. «Dains me dæ»  
Åge Aleksandersen (tekst og melodi)
10. «Samba pastorale»  
Normann Lange/Einar Iversen
11. «Med ord som sagt frå mann til mann»  
Kjartan Fløgstad/Egil Monn-Iversen
12. «Arbeidar og ingeniør»  
Arvid Torgeir Lie/Egil Monn-Iversen
13. «Fyr og flamme»  
Kjartan Fløgstad/Finn Ludt
14. «De er trygge til jul i Sauda, melder styret frå Geneve»  
Edvard Hoem/Henning Sommerro
15. «Grove skiver, hardt brød»  
Kjartan Fløgstad/Dag Arnesen
16. «Nord og ned»  
Kjartan Fløgstad/Henning Sommerro
17. «Himmelsong for Sarons dal,  
Kvinesdal»  
Paal-Helge Haugen/Egil Monn-Iversen
18. «Spell åt mæ»  
Hans Rotmo (tekst og melodi)
19. «Sevlien»  
Slått frå Numedal av ukjend komponist
20. «Ein under altet»  
Hans Hyldebakk/Henning Sommerro
21. «Det luktar syrleg av den  
bleike grusen»  
Rolf Sagen
22. «Stå med glans»  
Kjartan Fløgstad/Egil Monn-Iversen

Ein pause

Premiere på Hovudscenen  
3. desember 1983

Dei som er med:

*Britt Langlie*

*Henny Moan*

*Marit Kolbræk*

*Marianne Krogh*

*Ståle Bjørnhaug*

*Nils Sletta*

*Svein Tindberg*

I orkestret:

**Kari Stokke** (tangentinstrumentar)

**Sture Rogne** (trekkspel)

**Svein Johann Ose** (gitarar)

**Knut Guettler** (bass)

**Gunnar Aas** (slagverk)

Orkesterleiar: **Einar Iversen**

Programredaksjon: Halldis Hoas

Foto: Frits Solvang

Programdesign og trykk: Otto Falch as



sunge, sa ein kritikar, han er hermed bønhyrd.


Og jentene? Visst har vi fleire jenter som har rydda seg plass øvst der oppe på parnasset. Eldrid Lunden og Marie Takvam er kan hende kvar sin generasjon, men står einannan likevel nær – formmedvitne, intense.

Frå Telemark – der fylkeskontoret til NRK nett har ein diktkonkurranse på gang, kvar elles kunne det skje? – kjem Arvid Torgeir Lie – ein kjensle-

var lyrikar med solid forankring i samfunn og samtid.

Frå Sunnhordland kjem Ingvar Moe med si fabulerande formuleringsevne – som kallar på gapskratten, men som har den bitande ironien med seg heile tida.

Kabareten vår tonar ut på ungdomshuset – Rolf Sagen skildrar generasjonsmotsetningane, før Kjartan Fløgstads «Stå med glans» voggar oss ut i vinterkvelden. Kan hende er nett









ungdomshuset og utviklinga der typisk for det som har skjedd i bygde-Noreg dei siste tjue åra, kanskje er nett ungdomshuset det beste eksemplet på det eksotiske Noreg som ikkje eig slektskap med storbyen? Reist på dugnad av ivrige lokal-patriotar, sentrum for frilynde ungdomslag og amatørteater, staden der bryllaup vart feira og gravøl haldne, men først og fremst staden der bygdefolket svinga seg laurdagskvelden – gjerne til trekkspel og fele, og staden der heile familien var med – der småjenta dansa med bestefar og konfirmanten baud opp bestemor til masurka.

Seinare – da høgtalarane vart viktigare enn samtalen, da bilen gjorde det mogleg å reise milevis til det mest populære bandet for augneblinken – ja da endra ungdomshuset karakter. Men vi er ikkje gamle enno, vi som


hugsar det slik det var – på godt og vondt, med flaske framme bak hus-hjørnet, pynta med nytt lauv 17. mai, med sigrar og nederlag i den vanskelege tida da barndomen var over og det vaksne alvoret enno ikkje hadde overtatt – heilt! Framleis står dei der, ungdomshusa – «og det luktar syrleg av den bleike grusen!».

Det finst mange trubadurar som har sunge Oslo sin pris – blant dei unge ein Lillebjørn Nilsen, ein Finn Kalvik. For dei har det vore viktig å fortelje at det går å vekse opp i byen òg, det går å vere lykkeleg om du leikar i gardsrom og på tronge gater, utan gras og kyr ikring deg! Vi har valt å la dei liggje denne gongen – og satse på det landet som ligg og lokkar og ventar bortanfor dei mjuke åslinene. Velkommen til det eksotiske Noreg!

*HaHo*









## Våre egne musikantar

Mange framifrå komponistnamn i mange genrar er å finne på programoversynet. Ragnar Söderlind med sine spennande toner til Olav H. Hauges ord, Finn Ludt, Henning Sommerro, Sverre Kjelsberg, Per Indrehus (aktuell med plata «Tid å hauste inn» der han gir tonefølge til Olav H. Hauge og Hans Børli!) og fleire. Det må likevel vere oss tilgitt at vi denne gongen spanderer nokre få ord på våre egne. Ofte står eller sit dei godt gøynde i ei trong orkestergrav – her figurerer dei stadig som komponistar, nokon kvar!

Vår faste musikalske rådgjevar og kapellmeister Egil Monn-Iversen har ei merittliste så lang at det ikkje nyttar å byrje ein gong. Han er aktivt til stades på utruleg mange felt i norsk kulturliv, til gagn for både teater, opera og musikk. Men **eitt** av dei faste haldepunkta hans er likevel teatret i Stortingsgata – og mykje av æra for vårt gode rykte som musikkteater skal Egil Monn-Iversen ha. Han skapte den norske musicalen, han dukkar stadig opp med spennande arrangement og grundige musikalske vurderingar. Ein utruleg ressurs for teatret – og det veit alle her. I kveld møter de han som tilretteleggjar og som komponist, med andre ord som musikanter, først og fremst. For det er det han **er** – og det han helst vil vere.

Ein annan støttepillar på teatret når det gjeld den musikalske sida, er Tor Hultin. Han har vore med oss frå 60-talet – som musikalsk rådgjevar og repetitør. Før den tid akkompagnerte han m.a. Josephine Baker på ein verdsomspennande turné (stikk den!), han var svært ettertrakta som repetitør, han hadde sitt eige band – «Spotlights» – i femtiåra, han var alt på 40-talet ein framifrå arrangør! Om ein no skal

ta kronologien den galne vegen. Her på teatret har han utanom det daglege arbeidet stadig vist sine evner som komponist – m.a. i fleire musicals for barn. Og lytt til hans toner i kveld – melodiske, spennande, vare.

Den tredje av våre egne som figurerer blant komponistane i kveld, er Einar Iversen – blant venner «Pastor'n». Han kom til teatret i 1974 som repetitør og alternerande kapellmeister, og det er han som svingar taktstokken i grava i kveld. «Pastor'n» har vore ein dominerande figur i norsk jazzliv frå slutten av 40-åra – den første tida som swingpianist, seinare i meir moderne stil. Gjennom femti- og seksti-åra var han den fremste ved tangentane, han har spela i lag med dei fleste store namna frå den internasjonale jazz-himmelen som gjesta Oslo. Han har hatt sin eigen trio – med ulik samansetjing – ved konsertar, festivalar og på klubbar, i og utanfor Noreg. Han vart heidra med «Buddy»-statuetten alt i 1958. Kva for ein inspirasjon «Pastor'n» er i musikk-miljøet her i huset – kunnskapsrik, perfektjonistisk, sitrande musikalsk ut i ytste fingertupp – det veit dei best som har arbeidd i lag med han. Ikkje minst dei som står på scenen og sit i grava her i kveld.

















10g162205